

Protokoll frå regionstyremøte 1/ 2016

Møte nr. 1/ 2016

Dato: 02-02-2016

Sted: Videomøte

Til stades frå styret:

Gry Sissel Sagen, Caroline Bjørge, Nils-Gunnar Solli, Kari Klokseth, Knut Mikkelsen, Hilde Horpen (1. vara), Tamara Lien Nøtseth (3. vara, deltok i delar av møtet)

Forfall:

Hilde Hoddevik

Til stades frå administrasjonen:

Dagleg leiar Ingrid Sofie Nygaard

Møtet blei leia av regionstyreleiar Nils-Gunnar Solli.

Vedtaksaker (A-saker):

01/ 2016 Godkjenning av innkalling og sakliste
Ingen merknader.
Samrøystes vedtak:
Innkalling og sakliste godkjent.

02/ 2016 Høyringsuttale til OU-saka
Regionstyreleiaren hadde på førehand sendt ut framlegg til uttale basert på drøfting i AU.
Samrøystes vedtak:
Regionstyret sluttar seg til det framlagte forslag til uttale.
Uttalen følgjer som vedlegg til protokollen.

03/ 2016 Oppdatering / Korrigerering av møteplan for 1. halvår 2016
Samrøystes vedtak:

1. Møtet 27. - 28. februar blir videomøte (primært den 27/2).
2. Regionstyret møtes i Kristiansand fredag 22. april kl. 09:00 for drøfting av landsmøtesakene.
3. Møtet i juni vert flytta til 11. og 12. juni (primært fysisk møte).

Molde, 15.2.16



Nils-Gunnar Solli
regionstyreleiar



Ingrid Sofie Nygaard
dagleg leiar

NMF Nordvest - Regionstyremøte (videomøte) 02-02-2016, kl. 17:00

Til stades på møtet:

Nils-Gunnar Solli (styreleiar), Kari Klokseth (nestleiar), Caroline Bjørge, Gry Sissel Sagen, Knut Mikkelsen, Hilde Horpen (1. vara) og Kirsten Tamara Lien Nøtseth (3. vara, som deltok i delar av møtet).

Forfall: Hilde Hoddevik

Frå regionkontoret deltok dagleg leiar Ingrid Sofie Nygaard.

Samrøystes vedtak i sak 02/ 2016: Uttale frå NMF Nordvest om utgreiing og innstilling frå organisasjonsutvalet pr. desember 2015

- 1) I utgangspunktet stiller regionstyret i Nordvest seg positiv til OU-rapporten og seier seg einig i at dokumentet ikkje skal legge opp til ein endra organisasjonsmodell for NMF, men at det handlar om tydeleggjering og litt «finpuss» av modellen vedteken på landsmøtet i 2006. Vi sluttar oss også til den viktige dimensjonen som handlar om «Vi-opplevinga» i heile NMF sin organisasjon, både hjå tilsette og tillitsvalde (i tydinga folkevalde i styringsorgana både regionalt og nasjonalt).
- 2) **Om organisasjon:**
 - 2.1 Regionstyret for Nordvest sluttar seg til forslaget som gjeld leiarmøtet med den presisering at dette ikkje skal vere eit vedtaksorgan. Det betyr t.d. at rekneskapen ikkje skal godkjennast av leiarmøtet (jf. det som står under «1.halvår, år 2» på side 10). Leiarmøtet bør i hovudregelen ikkje gjennomførast oftare enn 1 gong pr. halvår.
 - 2.2 Regionstyret for Nordvest meiner at arbeidsutval (AU) bør avviklast som vedtaksorgan også på regionnivå dersom dette blir endra på nasjonalt nivå. Det bør likevel vere opning for å ha ei ordning med AU som ein reiskap til å førebu / legge til rette for møta i regionstyret og tilsvarande oppgåver i andre aktuelle samanhengar når dette er delegert frå regionstyret.
 - 2.3 Regionstyret for Nordvest tilrår at pkt. 3.2 om eventuell namneendring til korpsting blir teke ut av dokumentet og eventuelt lagt fram som eiga sak til landsmøtet. Regionstyret for Nordvest er sterkt i tvil om det på nasjonalt nivå er nokon «gevinst» i å gjere ei slik endring.
 - 2.4 Til pkt. 3.5 om regionting og grunnlaget for eventuelt å kalle inn til ekstraordinært regionting vil Nordvest foreslå «1/3 av NMF's medlemskorps i regionen» som eit meir fornuftig og realistisk nivå å legge til grunn.
- 3) **Om økonomi:**
 - 3.1 Regionstyret for Nordvest sluttar seg i hovudsak til OU sine konklusjonar og vil understreke at denne delen av utgreiinga bør gjennomførast uavhengig av om resten av dokumentet får tilslutning eller ikkje. Sjølv om det er viktige samanhengar mellom hovudpunkta i OU-dokumentet, så kan økonomidelen også stå på «eigne bein».
 - 3.2 Regionstyret for Nordvest vil sterkt tilrå ein modell med fordeling av kontingentinntektene mellom regionnivået og nasjonalt nivå, og at eit felles basisnivå vert lagt til grunn som fundament for å sikre eit minimumsnivå i alle regionane.
 - 3.3 Regionstyret for Nordvest støttar også prinsippa for og framlegget om å formalisere det som gjeld lån, eigenkapital og likviditetsbuffer, jf. pkt. 4.10 og 4.11. Regionstyret foreslår at formuleringa «bør», som er nytta både i pkt. 4.7 og 4.8, blir bytta ut med «skal» når det gjeld krav til handsaming både i region og nasjonalt.

4) Om arbeidsgivaransvaret:

- 4.1 Regionstyret for Nordvest tilrår ikkje ein modell med arbeidsgivaransvar fordelt på både nasjonalt og regionalt nivå. Både det formelle overordna arbeidsgivaransvaret og det operative daglege arbeidsgivaransvaret må ligge på nasjonalt nivå, dvs. hjå Forbundsstyret og generalsekretær. Sjølv om det ikkje er formelle / juridiske hindringar for å delegere arbeidsgivaransvaret for bestemte stillingar eller grupper av tilsette til regionnivået ser ikkje regionstyret i Nordvest det som ein ønskeleg og tenleg løysing ut i frå ei totalvurdering av konsekvensane ei delegering vil ha både for dei aktuelle tilsette og for regionstyret, og spesielt for regionstyreleiaren.
- 4.2 Regionstyret vil understreke at tilrådinga i pkt. 4.1 ikkje er til hinder for, eller svekker behovet for, å etablere avtalar som avklarar og tydeleggjer den formelle sida mellom dagleg leiar ved eit regionkontor og regionstyret, samt det mynde som må ligge til regionstyret når det gjeld å fastsette / prioritere oppgåver som tilsette ved regionkontoret skal utføre. Det må også etablerast faste rutinar for dialog mellom generalsekretær og regionstyreleiar, t.d. knytt til medarbeidersamtalar som generalsekretær skal ha med dagleg leiar. Det same gjeld prosedyrane for regionstyrets deltaking ved tilsetjing av dagleg leiar ved regionkontoret.
- 4.3 Det er etter regionstyret i Nordvest si meining ikkje naudsynt å omtale ei eiga eining som t.d. HR-avdeling eller arbeidsgivareining på nasjonalt nivå. Generalsekretæren må stå fritt, ut frå tilgjengelege ressursar og faglege behov, til å sette saman og organisere den sentrale staben som m.a. skal handtere arbeidsgivarrolla i det daglege.
- 4.4 I OU-dokumentet pkt. 5.2 er det m.a. omtalt ei leiargruppe som kan gjere tilsettingar. Dette meiner regionstyret i Nordvest er feil. Her må det tas inn ei formulering om at tilsettingar ut over generalsekretær (som berre Forbundsstyret har mynde til) skal gjerast av eit sentralt tilsettingsutval kor også dei tilsette sine representantar deltek. Vidare må det etablerast delegering (fullmakt) som gjere det mulig for generalsekretæren å tilsette medarbeidarar for kortare tidsrom utan å gå via dei ordinære prosessane. T.d. for inntil 1 år når det gjeld kortare prosjektarbeid eller vikariat ved sjukdom.

Sluttkommentar:

Eit gjennomgåande forhold som må rettast opp i dokumentet er der kor einskilde stillingar (t.d. økonomisjef) eller gruppeformulering (t.d. stab) blir brukt. I eit dokument som dette må berre gen.sekr., og ingen andre, bli brukt i forholdet mellom dei styrande, folkevalde organ og administrasjonen: T.d. så kjenner Forbundsstyret ingen andre enn gen.sekr.



=====

Nils-Gunnar Solli
regionstyreleiar
Mobil: 91 32 80 67
E-post privat:

niguso@online.no



NORGES
MUSIKKORPS
FORBUND

Nordvest

REGIONSTYRET